

**LANDSLAGET FOR NORSKUNDERVISNING**  
**Årsmøte 21. mars 2015**  
**Clarion Hotel The Edge, Tromsø**

---

Saker:

1. Konstituering
2. Årsrapport
3. Arbeidsprogram
4. Rekneskap 2014
5. Budsjet 2015
6. Godkjenning av revisor
7. Innkomne saker
8. Val

## Sak 1 Konstituering

Val av møteleiar og referentar

### Forslag til vedtak:

Årsmøtet vel Kari-Anne Sæther til møteleiar.

Årsmøtet vel Johanne Husum og Jostein Saxegaard til referentar.

Årsmøtet vel to personar som skal skrive under årsmøtoreferatet.


Årsmøtet vel to personar til tellekorps.

## Sak 2 Årsrapport

- 1) *Organisasjon*
- 2) *Medlemstal og verving*
- 3) *Økonomi*
- 4) *Samarbeid og nettverk*
- 5) *Fagleg og fagpolitisk arbeid*
- 6) *Norsklæraren*
- 7) *Norskbokklubben*
- 8) *Nordisk samarbeid*

### 1) *Organisasjon*

LNU har i 2014 vore organisert slik:



Styret har vore samansett slik og hatt følgjande arbeidsdeling i perioden :

Lars August Fodstad: Leiar  
Jostein Saxegaard: Nestleiar  
Kari- Anne Sæther: Styremedlem  
Øystein Jetne: Styremedlem  
Johanne Husum: Styremedlem  
Mette Haustreiss: Vara  
Ola Harstad: Vara

Benedicte Eyde blei tilsett som ny dagleg leiar frå 01.08.2014 etter Kjersti Rognes Solbu. Ola-Matti Mittigård er framleis redaktør for *Norsklæraren*. Dei to stillingane i LNU blir til saman eitt årsverk (100% stilling).

LNU-styret har i 2014 hatt fire styremøte, to i Bergen, eitt i Oslo (over to dagar) og eitt i Trondheim:

- 3. februar 2014 (Bergen)
- 19. mai 2014 (Bergen)
- 30. august og 1. september 2014 (over to dagar, Oslo)
- 8. desember 2014 (Trondheim).

LNU disponerer gratis møtelokale hos Fagbokforlaget både i Bergen og Oslo. Trondheismøtet blei heldt på NTNU der styreleiar disponerer kontor og møtelokale. Møta har stort sett same struktur, og faste postar har vore landskonferansen, økonomi, fagpolitisk arbeid, nordisk samarbeid, *Norsklæraren* og Norsk bokklubben. Ordninga med å ha eitt dobbeltmøte i året fungerer godt.

## **2) Medlemstal og verving**

I februar 2015 hadde vi **2043** medlemmar i LNU, mot **2001** på same tid i 2014.

Medlemmane fordeler seg slik: (I parentes talet frå februar 2014):

Det totale talet på medlemmar i LNU: 2043 (2001)

Talet på medlemmar i Norsk bokklubben: 838 (787)

Privat: 1012 (1001)

Student: 520 (461)

Institusjon: 511 (539).

Vinteren 2014 gjennomførte styret ein vervekkampanje retta mot høgskular og universitet. Det har gitt eit resultat på **59** nye studentmedlemmar, noko styret er godt nøgde med.

Vi har ein liten auke på **11** nye privatmedlemmar. Vi har derimot mista 28 institusjonsmedlemmar. Totalt har vi likevel ein auke i det totale medlemstalet på 42 nye medlemmar.

### **3) Økonomi**

Resultatet frå 2014 er på + 319.791,- mot budsjettert +71.610,-. Årsakene til det auka overskotet er fleire:

- 100.000 til digitalisering av Norsk læraren er ikkje brukt grunna forseinkingar i D-boksystemet til Fagbokforlaget.
- 30.000 meir i inntekt frå medlemsavgift / abonnementsinntekt
- 27.000 meir i annonseinntekter enn venta.
- 10.000 mindre på reisekostnader ved styremøter.
- 23.000 mindre i produksjonskostnader på Norsk læraren
- 33.000 meir i overskot frå Landskonferansen.
- LNU hadde opphavleg eit ønske om å tilsette ein person i ei førebels prosjektstilling på deltid, noko vi søkte pengar til frå Kunnskapsdepartementet. Av fleire ulike årsaker blei det ikkje gjort: pengane frå Udir kom seint slik at det ikkje blei tid innanfor same budsjettår. Det viste seg også å vere vanskeleg å finne rett person som effektivt kunne gå inn i ei slik stilling.

### **4) Samarbeid med andre organisasjonar og nettverk**

Oversikta viser kven som representerer LNU eller er kontaktperson for dei organisasjonane vi samarbeider med:

Nordspråk	Kjersti Solbu/ Benedicte Eyde/ Johanne Husum/ Ola-Matti Mittigård
Tidsskriftsforeninga	Ola-Matti Mittigård
Utdanningsdirektoratet	Kjersti Solbu/ Benedicte Eyde
FYR	Johanne Husum
Nasjonale sentra	Kjersti Rognes Solbu/ Benedicte Eyde
Språkrådet	Lars A. Fodstad / Kjersti Rognes Solbu
NFF	Ola-Matti Mittigård
Norsk forfattersentrum	Kjersti R. Solbu / Benedicte Eyde/Ola-Matti Mittigård
Utdanningsforbundet	Kjersti R. Solbu/ Kari Anne Sæther/Benedicte Eyde
Fylkesnettverk norskfaget	Kjersti R. Solbu/ Benedicte Eyde
Fritt ord	Benedicte Eyde/ Jostein Saxegaard
Forum for norskfaget	Lars August Fodstad
Ludvigsen-utvalet	Kjersti Solbu og Benedicte Eyde

## Kommentarar

- LNU hadde *ein* representant i Nordspråk, Kjersti Rognes Solbu som blei avløyst av Benedicte Eyde frå august. Det blei bestemt at LNU skal ha to representantar for å styrke tilknytninga til Nordspråk. Johanne Husum er no den andre representanten. Ola-Matti Mittigård deltek også på nokre av møta der det er lagt opp til redaktørsamarbeid med dei andre nordiske tidsskrifta.
- LNU har samarbeidd med Utdanningsforbundet om seminar som blei arrangert våren og hausten 2014.
- LNU har samarbeidd med Fritt ord om lærarseminar for Fritt-ord-konkurransen hausten 2014.
- Forum for norskfaget: LNU har lenge ønskt eit fast fagleg forum for norskfaget, noko som blei sett i gang våren 2014. Språkrådet inviterte til eit første sonderingsmøte der LNU var representert ved styreleiar. I tillegg stilte representantar for Lesesenteret, Skrivesenteret, Nynorsksenteret, Utdanningsforbundet, Udir, Språkrådet og UH-sektorens fagmiljø. Det blei danna eit arbeidsutval, som skulle forsøke å komme med eit konkret forslag til formål, organisering og samansetting. Her var også LNU representert, saman med Skrivesenteret, Språkrådet og Udir. Etter at arbeidsgruppa hadde fullført oppdraget sitt hausten 2014, fann Udir likevel ut at dei ikkje ønskte å bidra til eller delta i eit permanent forum. Initiativet blei lagt dødt då alle involverte partar meinte forumet sin legitimitet ville avhenge av at Udir spelte ei leiande rolle.
- **Ludvigsen-utvalet:** Ludvigsen-utvalet er eit utval nemnt opp av regjeringa som skal vurdere fag i grunnopplæringa opp mot krav til kompetanse i framtidens samfunns- og arbeidsliv. LNU var invitert og representert på konferansen «Framtidens skole» (dagleg leiar Benedicte Eyde) og i diskusjonsgruppe for norskfaget (tidlegare dagleg leiar Kjersti Solbu) hausten 2014.

## 5) Fagleg arbeid

LNU har drive fagleg arbeid gjennom Norsklæraren, Norsk bokklubben, landskonferansen, nettsida, kurs og konferansar.

Norsklæraren og Norsk bokklubben blir omtala i punkt 6 og 7.

### **Landskonferansen 2014**

Landskonferansen 2014 «Førestillingar om det norske» blei arrangert i Tønsberg 21.-22. mars 2014. Val av tema for konferansen var knytt til grunnlovsjubileet. Konferansen undersøkte kva det «norske» og kulturarven er i dag, og kva rolle kulturarven spelar i skapinga av det vi ser på som «norsk». Vi spurte mellom anna: «korleis kan norskundervisninga bidra til å gjere elevane til aktive bidragsytarar i den levande kulturarvtradisjonen?» slik formålsteksten til faget seier det skal gjere. Andre spørsmål vi prøvde å svare på gjennom konferansen var korleis vi kan gjere kulturarven levande for elevane, og kva førestillingar som finst om det norske i norsk samtidslitteratur. Også den språklege delen av norskfaget hadde plass gjennom foredrag om språkblanding og det norske språket i dag. Blant foredragshaldarane var Knut Kjeldstadli, Per Thomas

Andersen, Terje Lohndal, Dag Fjæstad, Mads Claudi, Lars August Fodstad, Ove Eide og Toril Opsahl.

### **Nettsida, facebook og twitter**

Vi jobbar aktivt med facebookside vår der det jamleg er nye innlegg. Vi har no over 1450 følgjarar, 400 fleire enn året før. Vi har brukt sida til å informere om planlagde aktivitetar både i eigen og andre sin regi, og vi har delt debattinnlegg, nettressursar og anna. På facebookside kan vi også kommunisere med medlemmane på ein effektiv måte og vere tilgjengelege for praktiske og faglege spørsmål. På Twitter har LNU 976 følgjarar.

### **Kurs og seminar i regi av LNU**

Vi har gjennom 2014 heldt kurs både i samarbeid med Utdanningsforbundet og på eiga hand gjennom nettverk av skular, i samarbeid med *Fritt ord* og *Nordspråk*.

### **Kurset «Skriving i vidaregåande skole. Teori og praksis».**

Kurshaldarane har vore Kari Anne Sæther og Sonja Arnesen. Dei har gitt innføring i skrivemetodikk med bruk av mønstertekstar, skriverammer og revisjonskompetanse i tråd med krava i den reviderte læreplanen. Dei hadde seks kurs i Oslo, Trondheim, Stavanger, Bergen og Sandnes. Til saman har dei halde kurs for nærare 260 lærarar. Kurset vil halde fram i 2015.

### **Kurset «Skjønnlitteratur i skolen. Kvifor og korleis?»**

Kurshaldar har vore Lars August Fodstad. Dette kurset blei halde på ei FYR-samling i Bodø i oktober og for fylkesnettverk i Rogaland i november 2014.

**Sommarkurset «Fortryllande fortelling»** blei arrangert av LNU/Kjersti Solbu i samarbeid med Nordspråk og gjekk føre seg i Lofthus 27. juli – 1. august. Tema var forteljninga som motstykke til det rasjonelle og vitskapelege, og slik vi finn ho ulike stader i litteratur og film.

**Seminaret «Ytringsfridom, demokrati og tekstforming»** blei arrangert i samarbeid med *Fritt ord* for om lag 45 norsk – og samfunnsfagslærarar. Føremålet var å rettleie lærarane i arbeidet med elevar om utforming av tekst knytt til emnet ytringsfridom. Foredragshaldarar var Per Edgar Kokkvold, Ove Eide, Marta Breen og Knut Olav Åmås.

## **6) Norsklæraren**

Den 38. årgangen har kome ut etter produksjonsplanen med 4 nummer med rundt 80 sider i kvart. Nummer 1 vart omfangsrikt med 108 sider. Tema har vore: 1/14: Retorikk, 2/14: Førestellingar om det norske – LNUs landskonferanse 2014, 3/13: Lesing og 4/14 Ord. Dette er første fulle årgang i nytt format. Responsen har vore god.

Det har vore publisert vitskapelege artiklar i tre av nummera, men ikkje i nummer 1. Den vitskapelege redaksjonen er leia av Jonas Bakken ved UIO. All fagfellevurdering skjer på dugnad. Medlemmane i 2014 har vore: Frøydis Hertzberg, Jon Smidt, Jørgen Magnus

Sejersted, Lars Anders Kulbrandstad, Dagrun Skjelbred, Arne Johannes Aasen. Tidsskriftet har vore godkjend på nivå 1 sidan 2011.

Spaltene som såg dagens lys i slutten av 2013 har overlevd i 2014. Det gjeld: *Vis oss pulten din, og vi seier deg kven du er, Mine beste litteraturtips* og *Norsklæraren børstar støv av hovudfag/masteroppgåva*. Baksida endra seg frå og med 3/14. Illustratør Øyvind Lauvdahl har levert to figurar som skal seie noko på baksida, og Ivar Sørensen skriv kva dei skal seie.

Korrekturlesarar har vore Einar Walstad og Stian Hårstad. Dei gjer eit godt og nøye arbeid som er viktig for at bladet skal ha ein god standard.

Redaksjonsrådet er det det same med: Sigrid Sørungård Botheim, Håvard Melhus, Ida Carine Longva og Eldrid Botheim. Det har ikkje vore nokre formelle møte i 2014, men jamn e-postkontakt. Sigrid og Eldrid har vore flittige bidragsytarar i sluttkorrektoren av kvart nummer.

Norsklæraren blir lagt ut som issuu-utgåve på LNUs heimesider [www.norskundervisning.no](http://www.norskundervisning.no). Medlemmane må logge seg på for å lese utgåva elektronisk.

Norsklæraren er medlem i Den Norske Fagpressens Forening og Tidsskriftforeningen.

Merkur Trykk AS i Oslo trykkjer bladet.

## **7) Norsk bokklubben**

Skriftstyret hadde to utskiftingar i løpet av 2014. Stian Hårstad, førsteamanuensis i norskdidaktikk ved Høgskolen i Sør-Trøndelag, tok over etter Mads B. Claudi som leiar våren 2014, og Hege Haugland vart erstatta av Kjersti R. Solbu, lektor ved Fyllingsdalen vidaregåande skole, noko seinare på året. Dei to andre medlemmane har vore Kjetil Gundersen, forskar ved Norsk Ordbok 2014, og Henning Fjørtoft, førsteamanuensis i norsk fagdidaktikk ved NTNU.

Skriftstyret har hatt fire møte i 2014: 10. februar, 12. mai, 16. september og 9. desember; dei tre første i Fagbokforlaget's lokale i Oslo, det siste på Høgskolen i Sør-Trøndelag i Trondheim.

Det kom ut to bøker i Norsk bokklubben i 2014:

Nr. 198: Henning Fjørtoft: *Norskdidaktikk*

Nr. 199: Kåre Kverndokken (red.): *101 skrivegrep*

Bok nummer 196 i skriftserien, Martin Engebretsens *Visuelle samtaler*, vart sendt ut i Norsk bokklubben i 2014, men kom ut i 2013.



### ***Tal og breidd***

Med to medlemsbøker ligg vi noko under målet om å gje ut 4–6 bøker i året. Men som merknaden over viser, kom det eigentleg tre utgjevingar i Norsk bokklubben i 2014 (196, 198 og 199), og bokklubbmedlemmane har derfor ikkje opplevd noko langt opphald før på hausten. Da skulle bok nummer 200 (Audun Engelstads *Film og fortelling*) ha komme, men denne vart forseinka og kjem først i februar 2015. Skriftserien hadde relativt få prosjekt i gang gjennom første del av 2014, og ingen av desse kunne framskundast for å få til ei tredje (dvs. fjerde) utgjeving. Tilgangen på prosjekt vart større seinare på året, og vi har no utsikter til eit normalt år med utgjevingar i 2015.

Utgjevingar dette året er alle klart fagdidaktiske og har stor nytteverdi. Med så pass få utgjevingar har naturleg nok breidda vore mindre enn tidlegare år, men bøkene har vore svært godt mottatte både hjå medlemmane og elles.

### ***Samarbeid med forlaget***

Samarbeidet med Fabokforlaget fungerer framleis framifrå.

### ***Medlemstal***

Norsk bokklubben hadde per februar 2015 838 medlemmer. Det er ein auke på 51 frå tilsvarande tidspunkt året før, men 20 færre enn for to år sidan. Talet på LNU-medlemmar for same periode er høvesvis 2043, 2001 og 2023. Talet på bokklubbmedlemmar utviklar seg altså omtrent på same måte som medlemstalet generelt, men framleis bør vi arbeide for å verve fleire medlemmar til Norsk bokklubben.

### ***Medlemsbrevet***

Gjennom heile 2014 har Norsk bokklubben brukt dei første sidene i *Norsklæraren* som sine medlemssider. Dette tykkjer vi fungerer godt for å synleggjere utgjevingane og skriftserien elles – både for bokklubbmedlemmar og ikkje-medlemmar. Boka *101 skrivegrep* (Kverndokken (red.)) kom ut mellom to nummer av *Norsklæraren* og vart derfor bydd fram til medlemmane gjennom eit eige medlemsbrev utsendt i posten.

Medlemssidene i *Norsklæraren* nr. 3/2014 brukte vi til å utlyse idédugnaden «Drømmeboka» som oppmoda medlemmane om å ønskje seg utgjevingar i Norsk bokklubben. Vi fekk inn nokre tips og ønske, men oppslutnaden var heller laber. Dette kan ein tolke som at medlemmane er nok så likegyldige, men vi vel å sjå det som eit teikn på at dei jamt over er nøgde med det tilbudet dei får gjennom Norsk bokklubben.

I *Norsklæraren* nr. 4/2014 markerte vi den 200. utgjevinga i Norsk bokklubben, sjølv om denne boka ikkje var klar før etter årsskiftet.

Medlemssidene har óg romma tilbod på tidlegare utgjevingar i skriftserien (*Dei ukuelege språka*, *Poesi og bildekunst*, *Den nynorske songskatten*, *På jakt etter svar og forståing* og *Poesiens hemmelige liv*) og klassikarar frå Fagbokforlaget / Vigmostad & Bjørke (*Erasmus Montanus* og *Amtmandens døtre*).



## 8) *Nordisk samarbeid*

Kjersti Solbu deltok på Nordspråks arbeidsmøte i januar 2014. LNU arrangerte Nordspråk sitt sommarkurs i Lofthus i juli. Sjå punkt 5. Styret har vedteke å ha to representantar i Nordspråk for å styrke samarbeidet: For Kjersti Solbu har Benedicte Eyde overteke, og Johanne Husum er den andre representanten. Benedicte Eyde deltok på Nordspråkseminar i Helsinki i august og i København i desember mellom anna for å få kjennskap til fellesskapen i Nordspråk.

**Forslag til vedtak:  
Årsmøtet godkjenner årsrapporten.**

## **Sak 3 Arbeidsprogram**

- 1) *Organisasjon*
- 2) *Medlemstal og verving*
- 3) *Økonomi*
- 4) *Samarbeid og nettverk*
- 5) *Fagleg og fagpolitisk arbeid*
- 6) *Norsklæraren*
- 7) *Norskbokklubben*
- 8) *Nordisk samarbeid*

### **1) Organisasjon**

Styret vil oppretthalde den strukturen det har no. Styret ønskjer å utvide stillinga til dagleg leiar til om lag 60 % for skuleåret 2015-16. Med ei større stilling vil ho få meir tid til å arbeide med kurs knytt til implementering av revidert læreplan, noko vi meiner er viktig og naudsynt. Ola-Matti Mittigård held fram som redaktør av Norsklæraren.

### **2) Medlemstal og verving**

Medlemstalet har auka noko, men styret meiner vi har potensiale til å bli fleire. Særleg bør det vere mogleg å få med enda fleire studentar og fleire medlemmar frå ungdomstrinnet. Gjennom sjølvstendig kursverksemd slik vi er i gang med for 2015, vil LNU vere meir synlege på kursa, noko som kan gje fleire medlemmar. Vi ønskjer å dele ut vervebrosjyrar og nokre eksemplar av *Norsklæraren* på alle kurs.

Vi får no gjennomført den planlagde digitaliseringa av eldre utgåver av Norsklæraren der ein kan søke etter gamle artiklar frå og med 2006. Ved å gjere heile arkivet tilgjengeleg for medlemmar i LNU (innlogging med passord), håper vi å gjere det enno meir attraktivt å melde seg inn i LNU.

### **3) Økonomi**

LNU har som mål å drive i samsvar med budsjettet for 2015. Vi har eit godt overskot frå 2014 som vi mellom anna planlegg å bruke til rimelege kurs for fylkesnettverk i heile landet. LNU betaler delar av utgiftene til honorar og reise for foredragshaldarar. Ved å halde rimelege kurs om emne som er viktige for å implementere revidert læreplan, vil LNU bidra til viktig kompetanseheving blant landets norsklærarar. Sjå meir om kurs i punkt 5)

Vi ønskjer også å bruke noko pengar på å tilsette dagleg leiar mellombels i om lag 60 % stilling (mot no 50 % stilling) i skuleåret 2015-16 for å gje meir tid til å organisere og vidareutvikle kursverksemda.

Vi planlegg også eit gratis seminar for norsklærarar om teksttypar i revidert plan og ny eksamen i norskfaget. Seminaret er planlagt som eit halvdagsseminar på Litteraturhuset i Oslo som vi vil filme og leggje på nettsida til LNU. På det viset vil andre som ikkje deltek på seminaret, få tilgang til same informasjon.

Vi fekk nyleg svar på søknad til Kunnskapsdepartementet om nytt tilskot for 2015, og er innvilga kr 400.000 for 2015. Vi har både oppsparte middel frå overskotet i 2014, og Landskonferansen 2015 vil truleg gå med eit visst overskot. Vi styrer mot eit underskot på kr 101.000 i 2015 grunna tidlegare oppsparte middel.

### **4) Samarbeid med andre organisasjonar og nettverk**

LNU held fram med å utvikle samarbeidet med organisasjonane og institusjonane som er lista opp i punkt 4 i årsmeldinga.

Vi vil fortsetje å samarbeide med dei andre morsmålsorganisasjonane i Norden gjennom Nordspråk.

### **5) Fagleg og fagpolitisk arbeid**

LNU vil fortsetje å drive fagleg arbeid gjennom *Norsklæraren* (sjå punkt 6), Norsk bokklubben (sjå punkt 7), Landskonferansen, andre kurs og seminar, høyringssvar og gjennom å delta i det offentlege ordskiftet om norskfaget og norskundervisninga.

Eitt av dei viktigaste måla for LNU i 2015 blir å arbeide for at revidert plan blir implementert i klasseromma.

LNU vil også følge med på slutfasen av arbeidet til Ludvigsen-utvalget. Sluttrapport er venta i juni. Eventuelle forslag til endring av organisering og innhaldet i norskfaget vil bli drøfta i LNU, og kan også danne grunnlaget for formidling, kurs eller diskusjon i eigna forum.

### ***Kurs og konferansar***

I 2015 har LNU tilbod om tre ulike kurs som vi tilbyr til fylkesnettverk i norsk. To av kursrekkiene blei allereie starta opp i 2014 og vil halde fram i 2015. Vi planlegg desse kursa i 2015:

- «Skriving i norskfaget. Teori og praksis». Kurshaldarar: Sonja Arnesen og Kari Anne Sæther. Seks kurs vår og haust 2015
- «Skjønnlitteratur i skolen. Kvifor og korleis?» Kurshaldar: Lars August Fodstad. Seks kurs vår og haust 2015
- «Retorikk i norskfaget etter læreplanrevisjonen». Kurshaldar: Jonas Bakken. Tre kurs hausten 2015 med mogleg forlenging 2016.

Kursa i skrivemetodikk og litteraturdidaktikk har vi allereie gjort avtalar for. Kurset til Jonas Bakken frå hausten 2015 går vi ut med som tilbod no.

Vi planlegg også eit gratis halvdagsseminar hausten 2015 om omgrepet teksttypar som avløyser sjangeromgrepet i læreplanen og på norskeksamen. Endringa skaper frustrasjon og debatt hjå norsklærarar, noko vi ønskjer å møte med informasjon frå direktorat, sensoropplæringa og fagmiljø for å skape større tryggleik.

Landskonferansen 2015 har tittelen «Kreativitetskompetansemysteriet. Norskfagleg kreativitet i målstyringas tidsalder» og har om lag 210 påmelde (240 deltakarar).

LNU vil truleg samarbeide med Fritt ord om eit seminar knytt til Fritt ord – konkurransen hausten 2015.

### ***Høyrings svar***

LNU vil sjå på høyringsutkastet om elevfråver og vurdering i skulen, april 2015. LNU svarer på andre høyringar som er relevante for medlemmane våre.

### ***Nettsida, sosiale medium og annan kommunikasjon***

LNU vil halde fram med å bruke nettsida for å leggje ut viktig informasjon om organisasjonen. Det er særleg saker som er varige og direkte knytt til eigen organisasjon, som blir lagt ut på nettsida. Til småsaker og meir dagleg kommunikasjon nyttar vi facebookside.

LNU har eit ønske om å ha god kommunikasjon og informasjon til medlemmane våre. Vi har berre e-postadresser til om lag halvparten av medlemmane, noko vi ønskjer å gjere noko med. Når vi no startar opp moglegheita til å søke digitalt i gamle utgåver av *Norsklæraren*, vil vi gjere eit arbeid for å få fleire e-postadresser. Dei medlemmane som er registrert med e-postadresse, vil få eige passord for tilgang til D-boksystemet.

### **Offentleg ordskifte**

Lars August Fodstad sat i panelet i debatten «*Er det viktig å lese riktig?*» på Blindern den 11. februar der temaet var val av tekstar elevane bør lese i skulen. LNU vil følge med på eventuelle forslag til endringar som er relevante for norskfaget, som kan kome frå Ludvigsen-utvalget. Det må vere eit mål for LNU å vere med i ordskiftet. Dette er viktig for å fremje LNUs synspunkt, men også for å bli meir synleg som organisasjon.

### **6) Norsk læraren**

Norsk læraren er planlagt med fire nummer i 2015 med om lag 80 sider i kvart nummer.

Tema er:

1/15: Norskfaget 125 år

2/15: Kreativitet i norskfaget (knytt til landskonferansen i Tromsø)

3/15 : Norsk på yrkesfag

4/14: Samisk språk og litteratur i norskfaget

Eg freistar å ha eitt møte i redaksjonsrådet hausten 2015.

Den vitenskaplege redaksjonen er komplett for 2015 og fungerer godt.

Norsk læraren er no klar for Fagbokforlaget's D-boksystem. Årgangane frå 2006 og frametter er digitalisert og publisert som D-bøker. Det digitale arkivet er ein milepæl i *Norsk lærarens* historie, og vi håpar det blir godt motteke blant medlemmane.

### **7) Norsk bokklubben**

Det vil framleis vere eit sentralt mål for skriftstyret å auke talet på medlemmar i Norsk bokklubben. Vi vil bidra til at flest mogleg av dei nye LNU-medlemmane også vel å vere medlem i Norsk bokklubben. I år vil vi også ha ein kampanje for å verve nye bokklubbmedlemmar frå den eksisterande LNU-medlemsmassen.

Det er viktig å gjere bokklubben meir synleg som ein sentral del av den faglege oppdateringa og kompetansehevinga som LNU fører med seg. Mellom anna må Norsk bokklubben og skriftserien bli synleggjort enda betre på LNU-arrangementa. Det vil vere tenleg å samarbeide med både LNU-styret og forlaget om dette.

For at vi framleis skal klare å trekke til oss relevante og fagleg framstående forfattarar, må skriftserien halde fram med å bli vurdert som ein vitenskapleg publiseringskanal. Skriftstyret og LNU-styret skal i samarbeid med forlaget utvikle ein strategi som kan bidra til å sikre dette.

### **8) Nordisk samarbeid**

Benedicte Eyde deltok på Nordspråks arbeidsmøte på Schæffergården 12.- 15. mars 2015. Ho er med i ei arbeidsgruppe for eit seminar med arbeidstittel «Nordisk språk i bruk» som truleg skal vere i Oslo oktober 2015 . Sommarkurset blir i år arrangert på Island.

### **Forslag til vedtak:**

**Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet**

### **Sak 4. Rekneskap**

Sjå vedlegg.

**Forslag til vedtak:**

**Årsmøtet godkjenner rekneskapen.**

### **Sak 5. Budsjett.**

**Sjå neste sider.**

**Forslag til vedtak:**

**Årsmøtet godkjenner budsjettet**



<b>Budsjett samla 2015</b>			
Medlemsavgift		860 000	
Royalty		100 000	
Annonseinntekter		180 000	
Salgsinntekter øvrige		15 000	
Støtte/Tilskudd		400 000	
Landskonferanseinntekt		837 990	
Sum Inntekter		<u>2 392 990</u>	
Prod. Norsklæreren		360 000	
Sum Produksjonskostnader		<u>360 000</u>	
Lønn sum drift		516 977	
Lønn sum Norsklæreren		350 365	
Sum totale lønnskostnader		<u>867 342</u>	
Landskonferanseutgifter		802 240	
IT - Maskiner/Software/Konsulenter fri		113 000	
Honorar Revisjon		20 000	
Honorar Sekretærtjenester		100 000	
Rekvisia, Porto, Aviser, Tidsskrift		-	
Møter, Kurs, Oppdatering		8 000	
Sponsing av kursvirksomhet		100 500	
Reise- og Diettkostnader		80 000	
Annonser, trykksaker drift		3 000	
Kontingenter, gaver		10 000	
Diverse kostnader		30 000	
SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER		<u>1 266 740</u>	
SUM UTGIFTER		<u>2 494 082</u>	
Resultat		<u>-101 092</u>	



Budsjett 2015 Drift			2015
Salgsinntekt royalty			100000
Salgsinntekter øvrige			15000
Støtte fra Kunnskapsdepartementet			400000
Sum inntekter			<u>515000</u>
Lønn Daglig leder			302 991
Honorar øvrige (styreleder)			90000
Honorar øvrige(skriftstyreleder)			37500
Fri Telefon			6500
Arbeidsgiveravgift			47986
Personsforsikring ansatte			32000
Sum Lønnskostnader			<u>516 977</u>
IT-maskiner/software/konsulent			105000
Honorar revisjon			20000
Honorar sekretærtjenester			100000
Møter, kurs, oppdatering			8000
Kursvirksomhet			100500
Porto			0
Reise-/Diettkostnader (Nordisk samarbeid)			15000
Reise-/Diett Styremøter			55000
Trykksaker og annonser marked			3000
Diverse kostnader			10000
Sum Andre driftskostnader			<u>416500</u>
Sum kostnader			<u>933 477</u>
Driftsresultat LNU Drift			<u>-418 477</u>





<b>Budsjett "Norsklæreren" 2015</b>			
Salgsinntekter Annonser		180000	
Salgsinntekt abonnement		860000	
Salgsinntekter øvrige		0	
Sum Salgsinntekter		<u>1040000</u>	
Varekjøp Trykk/adressering		190000	
Varekjøp Sats		85000	
Varekjøp Bokmelding		1500	
Varekjøp Språkvask		0	
Varekjøp Utsending		76000	
Varekjøp Øvrige Kostnader		7500	
Sum Produksjonskostnader		<u>360000</u>	
Lønn Ansatte		265000	
Honorar Bokmelding < 4.000,-		25000	
Honorar Bokmelding > 4.000,-		15000	
Fri Telefon		6000	
Arbeidsgivaravgift		37365	
Lønn Øvrige		2000	
Sum Lønnskostnader		<u>350365</u>	
Reise- /Diettkostnader		10000	
Kontigenter		10000	
Tele/IT		8000	
Diverse kostnader		20000	
Sum Andre driftskostnader		<u>48000</u>	
Sum kostnader		<u>758365</u>	
Driftsresultat Norsklæreren		<u>281635</u>	

## Sak 6. Godkjenning av revisor

Styret foreslår at PwC held fram som revisor for organisasjonen.

### Forslag til vedtak:

**Årsmøtet godkjenner forslaget frå styret som revisor.**

## Sak 7. Innkomne saker

## Sak 8. Val

---

### Val til styret:

Ola Harstad (nytt styremedlem, tidlegare vara)

Ragna Kristoffersen (nytt styremedlem)

Anders Fitjar (nytt varamedlem)

### *Om kandidatane*

#### **Ragna Westlie Kristoffersen (Molde vgs)**

Jeg er utdannet fra UiO med hovedfag i norsk (1994). Oppgaven min der gikk ut på lesevaner hos elever i videregående skole.

Jeg har jobbet med undervisning siden 1995, men jeg har gjort andre ting innimellom også. Undervisningserfaringen min startet med voksne på AMO-senteret i Kongsvinger og deretter innsatte på skoleavdelingen ved Ila landsfengsel. Det er likevel elever i ordinær skolegang jeg har mest erfaring fra. Fra 2005-2010 var jeg ansatt ved Stabekk vgs og har jobbet sammen med både Benedicte Eyde og Eva Frisk. Nå er jeg ved Molde vgs. Her har jeg vært fagkoordinator i norsk i tre år. Det er gjennom denne funksjonen at jeg har fått anledning til å bli bedre kjent med LNU og det viktige arbeidet dere gjør både for norskfaget og for norsklærere.

Jeg er opptatt av å gjøre norskfaget relevant for elevene mine. Dette får jeg anledning til å realisere til en viss grad gjennom et samarbeid med Bjørnsonfestivalen, et samarbeid jeg er leder for ved vår skole. Her får elevene møte en forfatter hvis tekster de leser og tolker og de får lage egne arbeid ut fra de opplevelsene de har av tekstene de jobber med. Forfatteren (i år er det Helga Flatland) er på besøk hos oss flere ganger i løpet av året, og siste besøk er i sammenheng med at elevene får vise fram arbeidene sine på byens teaterscene. Her får vi vist filmer, bilder, dans, musikk og monologer. Vi får høre dikt og noveller som er inspirert av Flatland sine tekster. Elevene sier at de liker å jobbe på denne måten. De får tid til å ta tekstene innover seg før vi må haste videre til neste punkt i læreplanen. Og de som ikke helt har funnet seg selv i skriftspråket ennå, får anledning til å uttrykke seg gjennom andre typer tekster. Jeg forteller om dette fordi jeg tror det sier noe om hvem jeg er som norsklærer. Dersom jeg får være med og arbeide sammen med LNU, tenker jeg at det er viktig å være synlige som en påvirkningsfaktor rundt utviklingen av norskfaget som i mine øyne MÅ gjennom en endring.

Jeg håper dette dekker det dere trenger å vite om meg. Hvis ikke, er det bare å si fra, så kan jeg være enda mer detaljert.

**Anders Fitje (Firda vgs)**

Lektor i norsk med litteraturvitenskap, engelsk og idéhistorie i fagkrinsen, i tillegg til norsk.

Underviser ved Firda vidaregåande skule på 8. året. Eitt år som høgskulelektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Anders er koordinator i Sogn og Fjordane for forsøka i norsk med ein og to karakterar, mellom anna med organisering av samlingar på fylkesnivå for dei som er i forsøket.

Tidlegare yrkeserfaring som kritikar og manuskonsulent. Leiar av Gloppen litteraturfest.

**Forslag til vedtak:**

**Årsmøtet godkjenner innstillinga frå valkomiteen**

**Ny valnemd:**

Styret føreslår å halde på same valnemd:

Astrid Elisabeth Kleiveland (leiar), Ove Eide og Ingrid Metliaas.

**Forslag til vedtak:**

**Årsmøtet godkjenner innstillinga frå styret**